

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 78	Utkommer hver måned	Mars 1937	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	8. årg.
--------	---------------------	-----------	--	---------

Fred.

Mel.: Jesu, din ihukommelse.

Du fred oss bragte, frelser god,
du fred oss kjøpte med ditt blod.
Derfor, o fredens fyrste stor,
dig priser hvert Guds barn på jord.

O hjelp at freden du har bragt,
må bli vårt hjertes sterke makt,
og bære oss til dødens stund
og skjerme oss i siste blund.

Sogneprest Prytz.

Kongen kommer.

Mark. 11, 1—10.

Jesus hadde allerede før latt det skinne igjennem at han virkelig var kongen. Nu, på palmesøndag, vil han vise det på den utvetydigste måte. Alt folket skal vite hvem de har besøk av og hvem de nu forgriper sig på! For den høieste domstol bevidner han klart det samme: »Du sier det, jeg er konge.» For det vidnesbyrds skyld døde han. Sannheten av det vidnesbyrd bevistes ved hans opstandelse og ophøielse til himmelen.

Han var konge fra evighet — fra begynnelsen av bestemt til å være menneskehetens hode og herre. Men det var også en annen som gjorde krav på tronen: Satan, denne verdens fyrste. Og menneskene var mere enn villige til å lyde ham og blev hans håndgangne svenner. Da kom kongen, den rette. Og så stod kongeslaget som avgjorde tronretten for tid og evighet.

Den krig, det var en farlig lek,
da liv og død de droges;
men livet vant og døden vek,
opslukt og nedsløges.
Ti vidner derom skriftens ord
at Kristi død var dodens mord,
til spott er døden blevet!
Halleluja!

Fra da av er Kristus endegyldig kongen. Ingen annen har nogen rett og myndighet over menneskene. Med sitt eget blod har Kristus erobret dem alle for sig. Han eier dem og råder over dem. Høi og lav, hvit og farvet, lydige og trossige, dem selv bevisst eller ubevisst — fordi vi alle er av en ætt og fordi hele slekten er ham utlært i lydighetsplikt. Se, derfor er det også din konge som kommer.

Og nu kommer kongen.

Han blev ikke sittende på sin høie og fjerne trone, ventende på at menneskene skulde opsøke ham. Han kunde ikke gjøre det slik, fordi de kunde ikke komme til ham og finne ham. Så kom kongen selv. Så steg han så dypt ned som det trengtes, for at de allerringeste kunde få møte ham. Så drager han så vidt ut som jorden når, og vil ikke stanse før alle har hatt besøk av ham.

Og så kommer han også til dig. Heller ikke du vilde nogensinne av dig selv være kommet til ham. Men han kom til dig næsten i samme øieblikk du var kommet til verden. Og siden er han uophørlig kommet — mange ganger og på mange måter. Har han ikke simpelthen forfulgt dig med sitt kall og sine gaver.

Nu kommer han igjen, din konge. Men, som bestandig, bare med miskunns makt. Han vil hverken tvinge eller imponere, derfor rider han taus — på et asenføll. Han vil bare ha din villige tro og din frie kjærlighet; derfor tilbyr og ber han sig inn i ditt hjerte. For adskillige av dem som leser dette, er vel dette Jesu komme det siste påskebesøk de får oppleve av ham. Kanskje kommer han snart for siste gang til denne jord. — La oss ta imot kongen som kommer! Det skjer med bot og bønn, med yd-

myk bekjennelse og dristig tillit. Bekjennelsen kan aldri bli ydmyk nok, fordi vi er syndigere enn vi selv vet om. Men så kan filliten heller aldri bli dristig nok, for han er en nådigere konge enn vi aner.

Kongen kommer! La oss gå ham i møte, la oss følge ham gjennom kamp og død til hans evige seiers-rike! Amen.

Sogneprest S m e m o.

Bønn.

Herre Gud, himmelske Fader, du som, for å frelse oss arme mennesker, lot din sønn komme til verden, han som da tiden var kommet, villig gikk til Jerusalem for å ofre sig for oss. Vi beder dig: La hans lidelse bli oss til hjelp i vår syndenød, og giv at også vi villig må bære de trengsler og lidelser som du sender oss. For Jesu Kristi skyld. Amen.

Eit ord til fadderar.

Barnedåpen er ei stor og viktig handling i den kristnes liv. Her let foreldra barnet sitt bera inn i Guds hus for å innvigja det til Gud og leggja det i hans hender med di dei vil fylgja Jesu bod: »Lat dei små born koma til meg.« Fadderane skal vera vitne til denne heilage handling. Til fadderane lyd denne oppmoding: Kom dette barn i hug i dykkar bøn til Gud og hjelp til at det kan veksa upp og leva som eit Guds barn. No vilde eg gjerne spyrja: Korleis oppfyller dei av oss som har stått fadder denne oppgåva? Bed vi for barnet som ved dåpen er lagt i Guds hender? Kjem vi det verkeleg i hug i våre bøner? Eg kan ikkje kvitta meg for den kjensla at ofte står fadderane der framme på kyrkjegolvet so heilt uinteresserte og berre skodar på dåpshandlinga. Ofte legg ein merke til når det lyd til oss: Lat oss beda (for barnet), so står dei der so kalde og likesæle. Hendene heng gjerne ned etter kyrkjestolen, eller dei er vel løynde bakum ryggen eller endå til i lummene. Kunde vi ikkje ialfall syna Gud den ærefrykt at vi faldar hendene våre når ein skal be for barnet, og so prøva å vera med med hjarta i denne bøn: »Me bed deg taka imot dette barnet som me ber fram for di åsyn idag, og lat det få den æveleg velsigning i dette heilage badet.« — Eg tykkjer det varmar slik upp i hjarta, når eg av og til ser fadderar, serleg då eldre, som faldar

sine hender under bøn, og der ein kjenner: Her er ein fadder som er med i denne heilage handling. Frå dette hjarta strøymer denne bøn upp til Gud: Herre, velsign og vara dette barn i liv og død.

Difor vilde eg so gjerne seia til alle som står fadder: Lat oss vera med og leva med i denne heilage handling som dåpen er, so den bøn som lyd under dåpshandlinga vert levande i oss: »Gud vare din inngong og din utgong frå no og til æveleg tid.«

Fra »Menighetsblad for Bremanger«.

Til minne um prost Eide.

Den 11. mars iår var det 10 år sidan prost Eide døydd. Som eit minne um dette prentar vi dette diktet av A. M. Det var skrive etter at prosten var flutt frå Davik, då han låg sjuk på Flora.

Me sender vår helsing til prosten
fra kyrkja, her me stend,
alle, både menn og kvinner
i denne vår kyrkjegrend:

Guds fred med gamle prosten!

Me sit i dei stolestader
og ser imot koren inn. —
Derinne fell ljuset so varleg —
og sorg er i vårt sinn:

Vi veit han talmast prosten.

Derinne fell ljuset so varleg,
der kviler den store fred,
og der song prosten si messe,
Guds-ordet han signa oss med:
Guds fred igjen til prosten!

Her sat me stille i kyrkja
og lydde til prestens ord,
og segjast det kan med rette,
den hugnaden var oss stor:
Guds løn igjen til prosten!

Me hev so mangt i minne
frå kristning og konfirmasjon.
Han bad med brennande hjarta,
dei unge måtte verjast frå tjon.
Guds løn igjen til prosten!

No er han faren ifrå oss.
Her hev han slite seg ut.
Her for han dei vegane lange
so ofte med hjartesut.
Guds løn igjen til prosten!

*

Det er so fidleg ein morgon,
presten skal ut i bat,

det blæs ein isnande landsunningsvind,
det er so kjend ein lát.

Men presten må ut og fara.

Når natti ho kverv for dagen,
og stjernerne bleiknar i aust,
stend gamle Per Kreken so liten
ned' med det presteauust.

For presten skal ut og fara.

Og vinden uler og piper
og strøyper på viki upp,
og Svarte-Kari ho helsar
med skumet på hylgjetopp:

Vårherre han vare båten!

Og Isefjorden er ilter,
han toppar so mang ein skavl.
Per Kreken sat liten på tofte:
»Her trengs vel for båre gavll!»

Vårherre han varar båten.

Men lyst det var å fara
ved vår- og jonsoktid
nar blanke fjorden er kransa
av grønne bjørkelid.

Det sumrast i alle grender.

Når prestebåten lender
med' kyrkjeklokkene går,
og kyrkjegarden er full av folk
som ventar på presten vår.

Det høgsumar er i hugen!

Nar salmane steig og håra
med tonar av hav i makt,
da visste han vel den presten vår,
Guds-ordet stod høgt i akt.

Da gleddest han gamle prosten.

*

Me sender vår helsing til prosten,
og ynskjer han sæle Guds fred,
for noko større me ikkje veit
og difor um dette me bed:

Guds fred over gamle prosten!

+

Våre døde.

30. jan.: Josef Rasmusson Tytingvag; ug. fiskar;
f. 1908; bronkitt.

3. febr.: Anna Olsdtr. Muri, Bortne; enke etter
Peder Muri; f. 1856 i Daviknes; alderdom.

Gud um min lagnad avgjerd tek.

Joh. 23, 14.

Notisar.

Døypte: 31. jan. Kari Helene, f. 10. nov. av
f. Knut Hansson Indredavik og k. Gudrum Hakons-
dtr. (f. Amundsen).

Aalfot sokneråd har til formann valt klokkar
Bruland, til næstformann lærar R. Førde. Klokkar-
løna etter den nye lova vart utrekna til kr. 202.10.
Aalfot ungdomslag hadde søkt um å få innført
nynorsk liturgi; soknerådet vedtok samrøystes å
tilråda dette og å halda avrøysting um saka til
sumaren. Desse ofringar vart fastsette: Ikring
påske til heidningmisjonen, ikr. pinse til sjukerøkta,
i kr. jol til indre sjømannsmisjon.

Rugsund sokneråd har valt oppatt klokkar Hausle
til formann og Karl Haugland til næstformann.

Ny lov um klokkarstillingar og klokkararbeid
vart vedteka av stortinget ifjor. Heretter skal klok-
karpostane ikkje lenger vera fast knytte til ein ser-
skild lærarpost som no; alle kan søkja på ein
klokkarpost. Titelen »kyrkjesongar« skal ikkje
lenger brukast. Det er soknerådet som skal til-
setja klokkar med godkjenning av biskopen; er
biskopen og sokneradet usamde har kyrkjedepar-
tementet avgjerdsla. Klokkarane vert tilsett med 3
månader uppseing. Løna for klokkarane vert 10
kr. for kvar av dei fyrste 10 gudstenester, 8 kr.
for kvar av dei neste 10, 6 kr. for kvar av dei
neste 10, og 5 kr. for kvar vidare gudsteneste,
og dessutan 10 øre for kvart av dei fyrste 1000 men-
neskje som høyrer til kyrkjelyden, 8 øre for kvart
av dei neste 1000 o.s.v. Klokkaeren har rett til å
bruka klokkegarden um ein har ein slik, men den
kan og leigast burt til lærargard mot at heradet
betalar ei avgift.

Klokkarane her i prestegjeldet er visstnok alle
fast tilsette, so den nye lova får fyrebils ikkje noko
å seia, anna enn for fastsetjinga av løna.

Basarar og kollektar: Hammen 30. okt. kr. 85.44,
delt likt millom indremisjonen og sjømannsmisjo-
nen. — Levdal 23. jan. kr. 78.75 til indremisjonen;
kollekt 27. nov. til Santal-misjonen 25 kr. — Bortne
11. nov. til heidningmisjonen 122 kr.

Nordfjordlaget i Amerika har gjeve ut ei gild
årbok for 1936. Næstformann i laget er Ole Steen
(frå Dombestein) og dr. Carl D. Kolset er sekre-
tær. Årboka inneheld mykje gildt stoff. Soleis
er der eit heilt stykke, skrive av Ole I. Steen, um
Severin Olsson Steen, fødd på Dombestein i 1850.
Han vart i 1870 gift med Malene Abelsdtr. Isane,
og dei reiste same året til Amerika. Her arbeidde
han seg upp so han vart ein framstående mann.
I 1886 var han heime ein tur: »Han likte å se
igjen Daviks gamle korskirke, hvor han var døpt,
konfirmert og ekteviet.« Han døydde i 1918, og
kona hans i 1934. Dei var pionerar, hanebrytarar
i sin lut av Minnesota. — I eit stykke um nord-
fjordingar i Tacoma er nemnd desse davikarar:
Rasmus Solibakken, »en gammel høiaktet predi-
kant. Alle som kom i berøring med denne merke-
lige vennsæle mann, kunde ikke annet enn elske
og ære ham«. Han døydde for eit par år sidan.
Han var heime for nokre år sidan og tala då i
kordøra i Davik kyrkje etter ei gudsteneste. —
Rasmus Larsen frå Aalfot døydde for nokre år
sidan. Mrs. Marie Berglund, dotter til Rasmus
Torheim, er gift med ein nordlending, er president

for losjen »Døtre av Norge«. Mr. og mrs. Ole Wold, fødd Davik. Mr. og mrs. Broback. Johannes Brobak. Mr. og mrs. Totland. Kristine Pederson, fødd Myklebust, Aalfot.

For 100 år sidan: Dø d e: 7. mars 1837 Walde-
mar Jacobsen Yttre Isene, husmann, 56 år. 11.
mars Ragnhild Johannesdr. Skarsteen, kårkone,
60 år. — 12. mars Zacharias Absalonsen Berle,
gardmann, 25 år. — Vig d e: 26. mars Peder
Andersen Stareim, 32 år, og enkje Mari Rexnæs,
40 år, dotter til Iver Michelsen Timmerstøel.

Gudstenester:

Palmesundag, 21. mars: Totland.

Skirtorsdag, 25. mars: Davik.

Langfredag, 26. mars: Rugsund.

1. påskedag, 28. mars: Davik.

2. påskedag, 29. mars: Aalfot.

1. sund. etter påske, 4. april: Berle.

2. sund. etter påske, 11. april: Totland.

3. sund. etter påske, 18. april: Davik.

4. sund. etter påske, 25. april: Rugsund.

Rekneskap for Kirkebladet for 1936.

Inntekt:

Overført frå rekneskap 1935 kr. 699.43

Innbetalte bladpengar 1936... » 599.00

kr. 1298.43

Utlegg:

Prenting og ekspedisjon kr. 527.00

Portoutlegg » 61.98

Porto til Amerika » 4.20

» 593.18

Overført til rekneskap for 1937 kr. 705.25

Som ein ser har bladet bore seg ogso dette siste året. Der er eit overskot på kr. 5.82. Eg takkar av hjarta alle bladet sine trufaste vener, som har gjort dette mogeleg ved å gjeva sine gaver.

Kvittering for bladpengar, innbetalt etter nyår:

Ola Totland, Martinus H. Aardal, Nils Lefdals-
hjelle, Johannes Sunde, lærar R. Førde, Martinus
Mjånes, Arnoldus Lem, Martinus Frimannslund,
Rasmus O. Myklebust, Tollef M. Førde, Peder
Hausle, Kaia Indredavik 3 kr. — Oline Mettenes,
Martinus A. Elde, Jenny Brun, Anders Eldevik,
Severin Lofnes, Anders T. Vik, S. Etterdal 2 kr.
Peder A. Aase, Alfred Humborstad, Marta Endal,
Karl Aasebjø Rasmus Andenes, furer Davik, læ-
rar Aardalsbakke, Didrik Bortne 5 kr. — Rasmus
P. Daviknes, Peder K. Midthjell, Ingvald Bortne,
J. Muri 2.50. — Mrs. Marie Muri (U.S.A.) 6 kr.
Tils kr. 106.00

Hjarteleg takk til alle.

Avertissement:

Kunstige gravkransar

kjøper De billegast hjå fru Anna Domb-
stein, Davik. — Pris: Med sløyfe 3 kr. pr. stk.,
utan sløyfe 2 kr. pr. stk.

Betraktninger over Jesu lidelse.

Jesus blev solgt av Judas.

Jeg priser og takker dig, vår Herre Jesus Kristus, du høieste godhet og evige mæj-
stet, du som blev urettferdig solgt av din
egen disippel for en så lav og ussel pris.
Jeg priser og ærer dig for din milde tålmo-
dighet mot en sådan forræder. Du ytret in-
gen vrede, intet hårdt, bebreidende ord,
ingen anklage. Du viste ham ikke bort fra
dig, enda du visste at han vilde svike dig.

O kjære Herre Jesus, hvor underfull er
din tålmodighet! Og hvor stor er min utål-
modighet!

Ve mig at jeg tåler så lite av min næste,
når han har sagt eller gjort mig noget imot.
Hvor snart blir jeg ikke vred over en liten
krenkelse, hvor mange planer legger jeg ikke
for å hevne eller undskylde mig. Men du
bar stille over med Judas, din disippel, en-
dog i det øieblikk da han forrådde dig.

Hvor er min saktmodighet og min tål-
modighet! Hjelp mig, du gode Jesus. Inn-
plant din mildhet i mitt hjerte; for under
dette livs mange fortredeligheter kan jeg
ikke bevare stillhetens og fredens velsig-
nelse uten din særlige nåde og hjelp. Amen

Efter Thomas à Kempis.

Ei mors makt.

Dei fleste menneskje er det som mødrene
deira har gjort dei til, seier Spurgeon. Faren
er mykje meir burte frå heimen og har ikke
halvt so mykje innverknad på borna som
mora. Difor har ei mor so stort eit ansvar.
Som gartnaren er, so vert hagen; — som
husmori er, so vert huslyden. Vi vil aldri
få sjå ei betre menneskjeslekt, fyrr mødrene
vert betre. Oftast finn vi at slike unge menn
som Timoteus har havt gudfryktige mødrer.
Smilet på mors ansikt har lokka mange inn
på den rette vegen; otten for å få henne
til å gråta har halde mangein mann burte
frå ein vond veg. Guten kan ha eit hjarta
av jarn; men mor hans kan likevel halda
han fast som ein magnet. Djevelen kan aldri
gjera sikker rekning på at ein mann er for-
tapt, so lenge han har ei god mor. — Du
kvinne, du mor, — di makt er stor. Sjå til
at du brukar den for han, som endå i døds-
striden på krossen tenkte på si mor.